



# SKULEGUIDEN

2012-13



Volda vidaregåande skule

Namn: \_\_\_\_\_

Klasse: \_\_\_\_\_



**VOLDA VGS**  
VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE

**Skuleguiden**  
Volda Videregående Skule 2012/2013

**SKULEGUIDEN**

**SKULEGUIDE 2012**

**VOLDA VGS**  
Volda Videregående Skule

**SKULEGUIDEN 12-2013**

**SKULEGUIDE 12/13**

**SKULEGUIDEN 2012-2013**

**12/13**

**SKULEGUIDE 2012**



Volda vidaregåande skule

**VOLDA**  
Vidaregåande skule

**VOLDA VGS**  
Volda Videregående skule



## Helsing frå elevredaktør

I over fem veker har kvar enkelt i 2MK pressa kreativiteten sin heilt til fingertuppene. På førre side ser de døme på kor mykje arbeid som er lagt inn berre i designprosessen. Fleire hundre utkast er blitt produsert! Imponerende eller kva? Vi håper i alle fall at vi har gitt Volda vgs eit ansiktsløft, gjennom innhald og utforming av årets Skuleguide og den nye logoen til skulen.

Vi vil takke logoretteleiar Atle Mostad, fotograf Marius Beck Dahle, og Jørn Festøy med elevar frå toppidrett som stilte til spenstig fotoshoot i Voldahallen. Vi er godt nøgde, og ikkje minst stolte, over jobben vår. Vonar du som sit med den i hendene vil få nytte og glede av den!



Judith  
Møller  
Hjelmeseth

## Helsing frå elevrådsleiar

Elevrådet er elevane sitt talerøyr på skulen. Vi er opptekne av elevdemokrati og -rettar, og arbeider for at alle elevar skal ha ein god skulekvardag.

Vi meiner at gode faglege prestasjonar er avhengig av eit godt sosialt miljø. Som elevrådsleiar er eg ekstra motivert for å jobbe for dette. Med meg har eg eit elevrådsstyre der alle er klare for å leggje ned ein innsats, og vi tek i mot både store og små saker.

Så har du forslag til korleis skulen vår kan bli betre, eller eit problem som plagar deg – ikkje nøl med å ta kontakt!



Ingerid  
Grønnevik  
Flåskjer

## Helsing frå rektor

Det var heilt vilkårleg at eg enda opp som rektor. På ungdomsskulen hadde eg ein tanke om å bli snikkar, og eg har også hatt ambisjonar om å bli marinbiolog. Men no har eg altså sitte over to år i rektorstolen her på skulen, og er strålande nøgd med det!

Som rektor er eg oppteken av å få opp læringstrykket. Mange har mykje å gå på, og diverre er nok PC-en for mange like mykje eit leikety som ein arbeidsreiskap. Kampen mot uvettig PC-bruk og ein stadig auke av *digital mobbing*, er kanskje den viktigaste vi utkjemper i dagens skule, og vil ha høgste prioritet! Satsinga vår på IKT-skulering og klasseleiing vil gje positive læringsresultat, det er eg sikker på.

*«Skulen er eit springbrett til høgare utdanning»*

Forslaget til visjonen, "Mot høgare mål", var eit klårt førsteval blant elevane. Eg trur dette kan vere fordi elevane opplever visjonen som positiv og dynamisk. Skulesamfunnet skal utvikle heile mennesket, og visjonen vår treff godt i høve dette! I samband med skulens nye visjon er det også blitt laga eigen logo for skulen, som eg tykkjer spelar godt opp mot tankegodset bak visjonen. Eg gler meg til å sjå den på trykk for første gong, her i Skuleguiden!



Trond Hjelseth

**Volda vidaregåande skule er ein nyoppussa og moderne skule med tradisjonar frå over 100 år tilbake. Vi har på det jamne over 500 elevar og kring 90 tilsette.**

Vi har ei rekkje tilbod ved skulen utover det faglege, som gjer Volda vgs til ein svært sosial og triveleg skule.

## s. 10 | **Om skulen**

- visjon, fasilitetar, aktivitetar

## s. 12 | **Ei hjelpande hand**

- helsesystem, ppt, rådgjevarar

## s. 13 | **Skulen sitt sentrum**

- biblioteket, kantina

## s. 14 | **Alt under CTRL**

- IT-avdelinga, skulekontoret

## s. 15 | **Steller skulen**

- vaktmeistarar, reinhaldarar

## s. 16 | **Tilsette**

- bilete av alle tilsette i alfabetisk rekkefølge

**Vi ynskjer at Skuleguiden skal fungere som eit praktisk oppslagsverk i skulekvardagen, i tillegg til skulen si nettside og læringsplattformen Fronter.**


På desse sidene vil du difor finne viktige datoar, aktuelle nettsider, sentrale telefonnummer, møtetider for hjelpeorgan, kart m.m.

## s. 20 | **Heilårsplan**

- viktige datoar, aktuelle QR-koder

## s. 21 | **Slå på tråden, bank på døra**

- sentrale tlf.nr., trefftider, aktuelle QR-koder



**Volda kommune ligg sentralt midt i storregionen Søre Sunnmøre, knytt saman av den nyopna Kvivsvegen og Eiksund-sambandet.**

Med Ørsta berre ei mil unna og med korte avstandar til resten av regionen, har du tilgang til eit mangfald av fritidstilbod.

## s. 22 | **Volda kommune**

- fakta og informasjon om kva Volda har å by på

## s. 24 | **Fritidstilbod i Volda**

- kart over fritidstilbod, studentrabattar

**Vi ynskjer at Skuleguiden også skal vere ei minnebok, med kjende og kjære andlet du kan minnast i framtida, og "snapshots" frå skulekvardagen anno 2012.**

Her vil du finne innsende Instagram-bilete som fangar skulekvardagen på Volda vgs, og lister over hendingar og kva som er "hot" i 2012.

## s. 26 | **Instagram #Skuleguiden**


- biletkollasj av innsende bilete

## s. 28 | **Hot i 2012**

- populært innan film og musikk, viktige hendingar

## s. 30 | **Helsingar**

- blanke sider for å samle helsingar frå medelevar



*Er kvardagen din full av teoretiske spørsmål? Likar du samfunnsfag, realfag og økonomifag? Ønskjer du å lære deg nye språk og tileigne deg gode allmennkunnskapar?*

**Studiespesialisering** (ST) gir deg høve til å fordjupe deg i teoretisk fagstoff, lære nye språk og setje opp fagkombinasjonar etter interesse, evner eller planar for framtida. ST er programmet som gir deg det breiaste grunnlaget for vidare studium.

Vi tilbyr også *Påbygging til generell studiekompetanse* (PB) og *Særskilt tilrettelagt opplæring* (TK).

### Fag på vg1

4t Norsk	
5t Engelsk	2t Kroppsøving
5t Matematikk	2t Geografi
5t Naturfag	3t Samfunnsfag
4t Framandspråk	Totalt 30 timar/veke

*Likar du å synge i dusjen og danse framfor spegelen? Likar du teater og skodespel? Spelar du eit instrument eller kanskje i eit rockeband?*

**Musikk, dans og drama** (MU) gir deg sjansen til å utvikle ditt musikalske talent og gir deg innblikk i musikken si verd gjennom teoretisk fagstoff. Du vil oppleve eit sosialt samvær som vil gi gode minne og opplevingar for resten av livet.

Som einaste musikklinja i fylket set vi opp ein storslått musikal kvart år.

### Fag på vg1

4t Norsk	5t Musikk (kor, dans, drama)
5t Engelsk	2t Lytting 5t Musikk
5t Matematikk	(teori, instrument, samspel)
5t Naturfag	
4t Framandspråk	Totalt 35 timar/veke

*Har du ein nyfiken journalist i deg? Vil du lære meir om korleis design, produksjon og kommunikasjon heng saman? Vil du få utløp for kreative evner og idéar?*

**Medium og kommunikasjon (MK)** gir deg innblikk- og fordjuping i produksjonsområde innanfor tekst, lyd og bilete på ein artig og lærerik måte. Gjennom praktisk produksjon, både sjølvstendig og i grupper, får du knytt teori til yrkesretta praksis.

Kvart år arrangerer vi ein storslått musikal saman med musikklinja.

### Fag på vg1

2t Norsk  
3t Engelsk

3t Matematikk  
2t Naturfag

2t Kroppsøving

6t PTF

(Prosjekt til fordjuping)  
17t Mediefag \*

\* Mediefaga er delt inn i mediekommunikasjon, -design og -produksjon

Totalt 35 timar/veke

*Har du ambisjonar om å starte di eiga bedrift? Drøymmer du om å bli din eigen sjef? Ynskjer du å kunne føre din eigen økonomi og klare å meistre god kundebehandling?*

**Service og samferdsel (SA)** gir deg høve til å utvikle dine økonomiske kunnskarar. Den lærer deg å vere serviceinnstilt og korleis du skal behandle kundar av alle slag. Du vil få høve til å selje ditt eige produkt gjennom ei ungdomsbedrift (UB).

Gjennom ungdomsbedrift får du drive kafé under musikalen og delta på UB-messer.

### Fag på vg1

2t Norsk  
3t Engelsk

3t Matematikk  
2t Naturfag

2t Kroppsøving

6t PTF

(Prosjekt til fordjuping)  
6t Drift og oppfølging  
6t Planlegging

5t Kommunikasjon og service

Totalt 35 timar/veke

*Volda vidaregåande skule sin visjon er ”Mot høgare mål”. Skulen vår skal først og fremst vere kjenneteikna av læringslyst, innsats og inkludering.*



## Volda vidaregåande skule

På Volda vgs finn du ei rekkje tilbod. I **kantina** kan du få kjøpt billeg mat og drikke som du kan nyte i den nyoppussa vestibylen. Kantina leiger også ut kortstokkar.

Skulen har eit flott **bibliotek** der ein finn fagstoff til stilar, prosjektarbeid, særømne osv. Biblioteket tilbyr også fred og ro slik at det er mogleg å gjere lekser, drive gruppearbeid, bruke leksikon og andre oppslagsverk. I tillegg finst det eit breitt utval aviser, tidsskrift, filmar og lydbøker.

Skulen har i tillegg **fasilitetar** som språklab, musikkbingar og foto- og lydstudio.

Skulen har fleire lag og organisasjonar for elevane, mellom anna elevrådet og idrettslaget. **Elevrådet** på skulen skal fungere som eit bindeledd mellom elevane og skulesamfunnet.

**Idrettslaget** arrangerer ulike turneringar i Voldahallen i midttimane. Høgdepunktet er aktivitetdagen 16. mai kvart år, der mellom anna tautrekkingskonkurranse mellom alle klassene, russeshow og fotballkamp mellom russen og lærarane står på programmet.



Elevane får delta på mange spennande **sosiale** arrangement, mellom anna *Internasjonal Dag*, musikal, teater, kino, huskonsertar, animasjon- og dokumentarfilmfestival, og pizzakveldar for hybelbuarar. På den tradisjonelle **Vardefesten** pyntar både elevar og lærarar seg i finstasen og nyt godt av både mat, dans og mange gode programinnslag.

Skulen arrangerer **fjelldag** på hausten og **skidag** om vinteren. Mange klasser samlar også inn pengar til å reise på studietur. Turane har mellom anna gått til New York, Paris, London, Praha og Berlin.



## Helsesyster og PPT

**Lisbeth Hoggen Totland** er her for å gje deg rettleiing, hjelp og støtte - uansett kva det måtte gjelde, m.a. med problem knytte til seksualitet, depresjon, rusmiddel, prevensjon og familie. Ho held til i første etasje på øvre bygget, like ved rådgjevar og IT-ansvarleg. Kvar måndag og onsdag er Lisbeth på skulen, og ho har alltid ei opa dør. Her finn du også **Annbjørge Moe** som jobbar i PPT (Pedagogisk-Psykologisk Teneste). Ho kan hjelpe deg med faglege problemstillingar som t.d. lese- og skrivevanskar.



## Rådgjevarar

**Randi Kalland** og **Kristian Ingebrigtsen** held til i første etasje på øvre bygget, like ved helsesyster og IT-ansvarleg. Rådgjevarane si hovudoppgåve er å informere og gi råd om utdannings- og yrkesval, og hjelpe elevar med ulike faglege, sosiale og personlege utfordringar. Rådgjevarane samarbeider med interne og eksterne tenester og kan formidle kontakt der dette er ynskjeleg og nødvendig. Målet er å finne så gode løysingar som mogeleg for deg. Dei har teieplikt, og du får ikkje fråver når du besøker dei.



## Biblioteket

**Heidi Holen** tek gladleg i mot deg i skulen sitt flunkande nye biblioteket, som ligg sentralt i administrasjonsfløya på øvre bygget med inngang ned trappa frå vestibylen. Her er eit mangfald av lærebøker, skjønnlitteratur, filmar, lydbøker og CD-ar. Spør Heidi når du treng rettleiing og hjelp til å finne fram. Du kan søke i eigne samlingar eller få hjelp til å søke i ulike databasar og på Internett ved behov. Heidi tek gjerne også imot tips til kva ho kan bestille inn. Her finn du også ein stille og fredeleg lesesal, og kopimaskin for elevutskrifter og -kopiar.



## Kantina

**Cecilie Haugen Dale** og **Else-Marie Klokk** møter du smilande bak kantinedisken. Kantina har mykje godt å by på til rimelege prisar, også varme middagsrettar. Kvar tysdag står graut på menyen, andre dagar kan det vere nachos, pannekaker, gryterett eller liknande. Cecilie og Else-Marie tek gjerne også i mot matønske frå elevane. Kantina befinn seg i det romslege, lyse og luftige vestibyleområdet, og er den store møteplassen på skulen i friminutt og midttimar. Kantina leiger også ut kortstokkar. Kantina ber elevane verte flinkare til å rydde opp etter seg.



## IT-avdelinga

**Olav Trandal** finn du i første etasje på øvre bygget, like ved helsesystemer og rådgjevarane. Olav er ein sann magikar og får til det meste: Her kan du få installert program og få hjelp med dei fleste dataproblem, inkludert å prøve og redde data frå harddiskar som havarerer. Med sin kompetanse sit han også inne med mange gode tips og triks om nyttige program og nettenester, vedlikehald av eiga maskin m.m. Olav plar gå rundt til alle vg1-elevar og gi opplæring i Fronter og SkuleArena, og blir difor fort eit kjent andlet på skulen.



## Skulekontoret

**Gerd-Sofie Langvatn, Anne Grete Vatne og Eli Hellebust** finn du i resepsjonen som ligg ned trappa ved kantina, like ved biblioteket. Hjå dei kan du hente brev frå Lånekassa eller få svar på spørsmål vedrørande stipend, skaffe deg busskort om du pendlar til skulen, og få attestert at du er elev hjå skulen viss du treng dokumentasjon til studentrabattar o.l. Dei har oversikt over praktisk informasjon som t.d. timeplanar og kontaktinformasjon til alle ved skulen. Er det noko du lurar på kan du gå dit og dei svarar deg med eit smil om munnen.



## Vaktmeistrar

**Ronny Aam** og **Roger Bjørkedal** er alltid opptekne med eit kvart. Somme ting treng eit strok måling, noko anna skal skruast på og lyspærer må regelmessig skiftast. Skal du ha tak i dei finn du dei, førebels, på det gamle elevrådskontoret i kjellaren på øvre bygget. Dei har også eit lite kontor på nedre bygget. Med godt utstyrt verkstad har dei tilgang til det meste av verkty, t.d. avbitartang dersom du har gløymt koda til hengelåsen på skåpet ditt. Dei har også varebil, og musklar, dersom du har behov for å flytte noko stort og tungt.



## Reinhaldarar

**Bente Søvik, Karin Hånes, Grete Skylstad, Kirsten Berg, Margun Bjerkvik** og **Leonora T. Kile** er allereie godt i gang når skuledagen startar for resten av oss. Dei held skulen rein og skinande til ei kvar tid - utan dei hadde ikkje skulen vore like rein og triveleg som han er. Men dei er avhengige av at elevane er flinke til å rydde etter seg - reinhaldarane er nemleg ikkje noko ryddemannskap. Som førstemann på skulen er det ofte reinhaldarane som finn attgløymde klede og gjenstandar, så saknar du noko så finn du det kanskje att hjå dei.

Lærer MU

Gunnar Sigve  
Aurdal

Lærer MU

Siv Kristin  
Aurdal

Lærer fellesfag

Bjarne  
Austrheim

Miljøterapeut

Karina Heggen  
Bahl

Reinholdar

Kirsten Jorunn  
Berg

Lærer MU

Yngvil  
Birkeland

Reinholdar

Margun  
Bjerkvik

Lærer fellesfag

Kjetil  
Bjørkedal

Vaktmeister

Roger Bjørn  
Bjørkedal

Lærer TK

Morten  
Bollerud

Ansv. norsk

Marit  
Brekke

Lærer fellesfag

Eva Ingeborg  
Solvang Brune

Ass. rektor

Ingeborg Øye  
Dahl

Kantinepers.

Cecilie Haugen  
Dale

Lærer MU

Kjell  
Dale

Lærer MU

Hildur Sandstad  
Dalen

Lærer fellesfag

Aase Norunn  
Digernes

Lærer fellesfag

Hanne Benedicte  
Drabløs

Lærer MK

Jan Terje  
Eidset

Ansv. MU

Kjetil Johan  
Eiksund

Ansv. krøv.

Jørn Ivar  
Festoy

Avd. leiar

Jørund  
Fet

Lærer SA

Arnhild  
Grønnevik

Ansv. MK

Ståle  
Hansen

Ansv. TK

Bente  
Hasle

Konsulent

Eli Magnussen  
Hellebust

Lærer fellesfag

Stephan  
Hestholm

Rektor

Trond  
Hjelseth

Assistent



Marit Karoline  
Hjorthol

Bibliotekar



Heidi  
Holen

Lærar SA



Steinar  
Holstad

Ansv. fr.språk



Kaisa Elin  
Holsvik

Lærar fellesfag



Randi  
Holsvik

Lærar fellesfag



Svanhild  
Holsvik

Reinholdar



Karin  
Hånes

Rådgjever



Kristian  
Ingebrigtsen

Rådgjever



Randi  
Kalland

Reinholdar



Leonora Tugahan  
Kile

Lærar fellesfag



Tone  
Klepp

Lærar fellesfag



Trond  
Klepp

Kantinepers.



Else-Marie  
Riise Klock

Lærar fellesfag



Christina Åheim  
Kolnes

Lærar fellesfag



Rolv  
Kornberg

Lærar MK



Håvard  
Krøvel-Velle

Avd. leiar



Inge  
Kvamme

Sekretær



Gerd Sofie  
Langvatn

Lærar fellesfag



Ingrid Maria  
Løfoll

Ansv. samf./hist.



Tove Nilsen  
Løset

Ansv. SA



Atle  
Mostad

Lærar fellesfag



Arvid  
Mundal

Assistent



Lill-Johanne  
Nordstrand Mundal

Lærar fellesfag



May Charlotte  
Myklebust

Lærar fellesfag



Liss Hege  
Mørch

Lærar fellesfag



Ragnar Didrik  
Osdal

Lærar MK



Dace Dizbite  
Ose

Avd. leiar



Lisbet  
Ose

Lærer fellesfag

Siv Heidi  
Osvoll

Lærer fellesfag

Ragnhild  
Oterholm

Lærer fellesfag

Håkon Alterskjær  
Pedersen

Lærer fellesfag

Rudina  
Robertsen

Lærer fellesfag

Inger  
Rotevatn

Reinholdar

Grete Karin  
Skylstad

Lærer MU

Stein Helge  
Solstad

Assistent

Hilde  
Steinnes

Lærer fellesfag

Merete  
Steinnes

Assistent

Lillian  
Stensaa

Ansv. realfag

Bjørnar  
Sæterås

Lærer fellesfag

Kristin Bakke  
Sæterås

Lærer fellesfag

Tjalve  
Sørheim

Reinholdar

Bente  
Søvik

Lærer MK

Torill Elise  
Kolbeinsen Tafjord

Lærer fellesfag

Guro  
Tafjord

Lærer fellesfag

Per  
Torheim

Lærer SA

Egil  
Trandal

IT-ansvarlig

Olav  
Trandal

Lærer fellesfag

Margrete  
Trovåg

Lærer fellesfag

Ayne  
Vagizova

Lærer MU

Stein Henrik  
Vartdal

Konsulent

Anne Grete  
Vatne

Assistent

Mai Iren  
Vidnes

Lærer fellesfag

Mette-Karin  
Vik

Lærer fellesfag

Øyvind  
Vorren

Lærer MK

Jorid  
Vårdal

Lærer fellesfag

Lars  
Ørstavik

Lærer fellesfag



Liv  
Åm

Vaktmeister



Ronny  
Aam

Lærling



Maria Lovise  
Aarseth

Lærer MU



Egil  
Åstid

IKKJE TIL STADES: Karl Alsaker, Hans Christian Buschmann, Ragnhild Engeset, Kai Johannes Evensen, Alfred Finnson, Bente Elin Johnsen, Kristin Mork, Elizabeth Ottedal, Nils Ose, Agnethe Sissel Teige, Oddrun Torvik, Robert Kvalsvik Uttakleiv, Anne Marta Vinsrygg Vadstein, Renata Vinykilova, Linn Janett Driveklepp Øye.

**AUGUST**

20. Skulestart

**SEPTEMBER**6.-7. Film: *Jakten på hukommelsen* \*

20.-23. Animation Volda

**OKTOBER**

8.-12. Haustferie

26. Teater: *Å leve på kode 6* \*\*

v 43-44 VIP-prosjekt (Psykisk helse for ungdom)

**NOVEMBER**

1. Operasjon Dagsverk

27. Studiedag

v 48 Heildagsprøver

**DESEMBER**

v 49-50 Heildagsprøver

Vardefesten

24.-3. Juleferie

**JANUAR**

3. Første skuledag etter jul

11. 1. termin ferdig

14. Start 2. termin

21. Studieorientering vg3

31. Frist privatistoppmelding

**FEBRUAR**

v 7 Musikalen

18.-22. Vinterferie

**MARS**

v 11 Ekskursjonsveke vg3

25.-1. Påskeferie

**APRIL**

24.-28. Dokfilm 2013 \*\*\*

v 16-18 Heildagsprøver

**MAI**

1. Offentleg høgtidsdag

9. Kristi Himmelfartsdag

10. Elevfri dag

15. Teater: *Askeladden på nye eventyr* \*\*\*\*

16. Aktivitetsdag

17. Nasjonaldag

20. 2. pinsedag

**JUNI**

Eksamenar

20. Siste skuledag



\*



\*\*



\*\*\*



\*\*\*\*

## Kontaktpersonar

### Spørsmål om eksamen?

Kontakt ass.rektor **Ingeborg Øye Dahl** på 700 59 308

### Spørsmål relatert til elevråd, russ eller OD?

Kontakt avd.leiar **Jørund Fet** på 700 59 307

### Spørsmål om faginntak og fagval?

Kontakt avd.leiar **Lisbet Ose** på 700 59 305

### Har du datatrøbbel?

Kontakt IT-ansv. **Olav Trandal** på 700 59 345

### Har du mista noko?

Kontakt vaktmeister **Ronny Aam** på 934 11 467 eller reinhaldar **Bente Søvik** på 916 41 455

### Har du personlege eller faglege problem?

Kontakt rådgjevar **Kristian Ingebrigtsen** på 700 59 324 eller **Randi Kalland** på 700 59 323

### Har du andre spørsmål?

Kontakt **skulekontoret** på 700 59 300



Volda vgs si  
heimeside



Volda vgs si  
skuleavis

## Opningstider

**Kantina:** 09:30-13:30

**Biblioteket:** 08:00-15:00

**Skulekontoret:** 08:00-15:30

## Trefftider

Time	MÅN	TYS	ONS	TOR	FRE
1	RK/LT		LT	RK/KI/AM	RK
2	RK/LT		LT	RK/KI/AM	RK
3	RK/LT	KI	LT	RK/KI/AM	RK
4	RK/LT	KI	LT	RK/KI/AM	RK
5	LT	KI	LT	AM	RK
6	LT	KI	LT	KI/AM	KI
7	RK/LT	KI	LT	KI/AM	KI
8	RK/LT	KI	LT	KI/AM	

RK = rådgjevar Randi Kalland

KI = rådgjevar Kristian Ingebrigtsen

LT = helsesyster Lisbet Høggen Totland

AM = PPT-ansvarleg Annbjørg Moe

## Nettips frå rådgjevarane



vilbli.no



nav.no



utdanning.no



samordna  
opptak.no

*Volda er omgitt av vakre fjell og fjordar som byr på mange flotte opplevingar heile året. Plassert midt i hjartet av regionen har du tilgang til eit mangfald av fritidstilbod.*



## Ei lita bygd i stor utvikling

**Volda kommune** har i 2012 om lag 8700 innbyggjarar. I tillegg er her mange høgskulestudentar som skapar liv og røre. Det kreative studentmiljøet og eldsjeler innan kulturlivet i Volda gjer den vesle bygda til ein bra plass å bu, med mykje kjekt å finne på av både fritids- og kulturaktivitetar.

Er du glad i **idrett** er her mange alternativ å velje mellom: Volda har fleire treningssenter og idrettsarenaer, og tilbyr organisert aktivitet innanfor fotball, handball, volleyball, symjing, bordtennis, golf, ballett - og langrenn, alpint, skiskyting, telemark og ekstremспортfestivalen X2 på vinterstid.

Andre aktuelle **aktivitetar** kan vere å delta i kor, band, korps, speidar og deltaking i diverse organisasjonar. Er du av typen som likar å ferdast utandørs er Volda omgitt av vakre fjell og fjordar som byr på mange flotte opplevingar heile året.

Er du kulturinteressert er det høve til å delta på mange spanande **arrangement**, mellom anna dokumentar- og animasjonsfilmfestival, studentveka og ei rekkje konsertar i allslags sjangrar.



**Er du svolten?** Volda har ei rekkje kaféar, konditori og restaurantar: Rokken, Naustet, Det Grøne Treet, Nabolaget, Landscape, Mylna og Westre m.fl.

**Skal du møte ein ven?** Både Volda og Ørsta har moderne kino med god visingsferkvens og ungdomshus med høg aktivitet.

**Vil du shoppe?** Vi har stort kjøpesenter i både Volda og Ørsta, med mange varierte butikktilbod: Cubus, G-Sport, BikBok, Glitter, Vero Moda, Clas Ohlson, Dressmann, Miss b m.fl. Her finst og fleire spanande nisjebutikkar.





- 1) **Volda vidaregåande skule**  
Vevendelvegen 35
- 2) **Høgskulen i Volda**  
Joplassvegen 11



- 3) **Volda Filmteater**  
Volda Samfunnshus



- 4) **Volda Folkebibliotek**  
Stormyra 2



- 5) **Telebygget Ungdomshus**  
Rådhusgata 4
- 6) **Studenthuset Rokken**  
Industrigata 12



- 7) **Brun og blid**  
Rådhusgata 4



- 8) **Stamina HOT Volda**  
Industrigata 12
- 9) **Aktiv Trening**  
Hamnegata 14



- 10) **Aarseth Trafikkskule**  
Kvisla 5



- 11) **Volda stadion**  
Stadionvegen



- 12) **Årneset**  
Årnesvegen



- 13) **Volda skisenter**  
Reset

Med ID-kort frå skulen får du studentrabatt her:

- Aktiv Trening og Stamina HOT
- Rokken
- Diverse frisørar
- Kino
- Optikk
- Buss
- Eplehuset (nettstaden)





# Viktige hendinger

I tillegg til trivielle hendinger som vinnarar av talentkonkurranser og realityseriar, så skjedde mellom anna dette:



"Skrik" solgt for  
\$ 120 mill.

3. mai



Dronning Elizabeth  
60 år på trona

2. juni



OL i London

27. juli

Noreg har ikkje  
lenger statskyrkje



21. mai

Siste Venus-  
passasje på 105 år



6. juni

Curiosity landa på  
planeten Mars



6. august

## Populære filmer i 2012

- |                         |       |
|-------------------------|-------|
| • The Hunger Games      | 23.03 |
| • The Avengers          | 27.04 |
| • The Dark Knight Rises | 25.07 |
| • Kon-Tiki              | 24.08 |
| • Breaking Dawn Part 2  | 16.11 |
| • The Hobbit            | 12.12 |

## Populære låtar i 2012

- |                           |           |
|---------------------------|-----------|
| • Whistle                 | Flo Rida  |
| • Payphone                | Maroon 5  |
| • Sommerfugl i vinterland | Vinni     |
| • Gangam Style            | PSY       |
| • This Is Love            | Will.I.am |
| • Kjører på               | Madcon    |

## VG-lista Topp 20 for 10 år sidan

A Little Less Conversation, Without Me, Underneath Your Clothes, Rosa helikopter, Black Suits Comin', Complicated, If Tomorrow Never Comes, The Bumpisong, Work It Out, Something Going On, Round Round, Tainted Love, Desenchantee, Hot In Herre, The Ketchup Song/Asereje, Mann mot mann, Serpentine EP, Het, By The Way, Nessaja



Kvivsvegen opna

22. september

21. desember



Verda går under?  
(Mayakalenderen tek slutt)





## Studiespesialisering

Dersom du tenkjer å søkje på ST må du like å arbeide med teoretiske fag. ST er programmet som gjev deg det breiaste grunnlaget for vidare utdanning.

Spansk, tysk og fransk er dei tre framandspråka du kan fordjupe deg i på ST. Når det gjeld matematikk kan du på Vg1 velje mellom teoretisk eller praktisk matte. Der er òg kroppsøving, der det er mogleg å velje mellom fordjupningsfaga toppidrett eller breiddeidrett, som kjem i tillegg til den ordinære gymmen.

**Har du framtidsdraumen klar bør du velje fag med omhu. Kva programområde og -fag du vél, kan avgjere om du får generell eller spesiell studiekompetanse.**

Ved å velje ST opner du mange dører: det finnast mange vegar du kan gå, og sidan ST er den

*“Spanande og veldig nytt. Klassa var stille, men folk let seg rive med i den engasjerande samtalen berre etter nokre dagar.”*

*- Runar Digernes Aarsnes, 2ST1, om korleis det var å byrje på ST*

linja som gjev deg det breiaste grunnlaget for vidare utdanning, får du gode føresetnadar for å følgje draumen.

Vi tilbyr også **Påbygging til generell studiekompetanse.** Dette er eit studietilbod for å gi generell studiekompetanse til elevar som har fagbrev eller fullført Vg1 og Vg2 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram. I tillegg tilbyr vi **Særskilt tilrettelagt opplæring** som er eit tilbod til dei som av ulike grunnar ikkje kan følgje ordinære utdanningsprogram.





## Musikk, dans og drama

Har du tankar om å gå MU, bør du like å jobbe med, lytte til, og produsere musikk, då det er mykje av dette. Og helst kunne spele eit instrument.

Det er også ein del fellesfag på musikklinja, så gode allmenn-kunnskapar kjem godt med.

**Musikklinja er eit utdanningsprogram med svært mange søkjarar, noko som gjer at det er stor rift om plassane.**

I tillegg til kravet om fullført grunnskule, kan ein bli kalla inn til opptaksprøve der ein skal vise dugleikane sine med instrument eller song. Dette kan påverke om du kjem inn eller ikkje, dersom du i utgangspunktet ikkje hadde gode nok karakterar.

Utdanninga på musikklinja går over tre år. Etter endt vg3 har du


*“Eg likte å byrje på ein ny skule. Miljøet på vår linje er ganske fint. Alle er gode vener.”*

*- Erlend Årøen, 2MUI, om miljøet på MU*

generell studiekompetanse, og kan til liks med alle andre med generell studiekompetanse søkje på ei lang rekkje høgskular, universitet og liknande rundt om i landet. Du vil i tillegg bli prioritert på somme musikkutdanningar, om du har gode karakterar.

**Den største hendinga i løpet av skuleåret er den årlege musikalen som MU og MK set opp kvar vinter.**

Her framfører musikkelevane det dei har øvd på i månadar, foran fullstappa salar. Volda er einaste skulen i fylket som har musikalprosjekt kvart år.





## Medium og kommunikasjon

Du må ha gode karakterar om du vil søkje på MK: her er nemleg stor konkurranse om plassane. MK-klasser er kjent for svært gode klassemiljø, der kreativiteten kan bløme.

På medielinja går det meste av undervisninga føre seg gjennom prosjektarbeid. Du må difor like både sjølvstendig arbeid, samt ha gode samarbeidsevner. Skal du søkje MK bør du kunne evne å lære deg komplekse program og avansert utstyr, like å skrive, ta bilete, filme, og vere kreativ!

I tillegg til mediefaga, kan ein velge å fordjupe seg innanfor eit emne. Dette faget vert kalla PTF (Prosjekt til fordjuping).

**I faget Prosjekt til fordjuping kan elevane velje mellom emna foto, web, film, lyd og klassisk animasjon.**

*“Vi vart raskt ein del av “MK-familien” då vi byrja i førsteklasse. Vi har eit veldig bra samhald i klassa.”*

*- Bjornar Torvholm Sævik, 2MK1, om miljøet på MK*

På Vg1 og Vg2 får du kvart år vere med på festivalane *Dokfilm* og *Animation Volda*, og ikkje minst: *MK-Oskar*. Sistnemnde er medielinja sin eigen variant av *Oscar-utdelinga*, der elevane sjølve kan nominere produkt ein har laga gjennom skuleåret og konkurrere om prisar i ulike kategoriar. På arrangementet kler alle seg i finstasen og ankjem på raud løpar, med ein profesjonell jury som kårar vinnarane.

Medielinja set også opp musikalen kvart år saman med musikklinja.





## Service og samferdsel

Du som vel SA bør vere høfleg, imøtekomande og serviceinnstilt, og du bør kunne vise respekt for andre kulturar og tradisjonar. Kontakten med kundar og andre menneske er ein viktig del av arbeidet ditt seinare.

På Service og samferdsel får du vere med på mykje spanande gjennom både praktisk og teoretisk arbeid. Eit sentralt element er arbeidet med ungdomsbedrift (UB) gjennom faget Prosjekt til fordjuping (PTF).

**Gjennom UB får de vere med å etablere og styre dykkar eiga bedrift, planleggje og produsere egne produkt, og tilslutt marknadsføre og selje produktet.**

I løpet av skuleåret skal du òg ha to veker med utplassering i

*“Det kjekkaste augeblikket eg hadde på Vg1 må være arbeidsvekene. Det var lærerikt og spanande å få møte folk frå næringslivet”.*

*- Andreas Nes Kile, 2SA1, om det kjekkaste augeblikket i første klasse*

bedrift, ei veke i første termin og ei veke i andre termin.

Volda vgs tilbyr Vg1 Service og samferdsel og Vg2 Sal, service og tryggleik. Etter fullført Vg2 kan du velje eit tredje år med påbygging til generell studiekompetanse, eller å bli lærling i ei bedrift.

Kan du tenkje deg eit yrke innan sal, reiseliv, transport, kontorarbeid, IKT og tryggleik (vektartenester), så er Service og samferdsel noko for deg.







Illustrasjonsbileta til utdanningsprogramma, samt biletet av  
elevredaktør og rektor, er teke av fotograf Marius Beck Dahle.



Volda vidaregåande skule  
Verendelvegen 35  
6100 Volda

Tlf: 700 59 300 | Fax: 700 59 350  
volda.vgs.no | volda.vgs@mr.fylke.no

Skuleguiden 2012-13 er laga av: Martine Opsahl Barstad, Bjarne Bjørkedal, Fredrik Riisnes Bjørneseth, Marius  
Helland Bostrand, Brynhild Dagslott, Mari Paulsen Dalsbo, Ida Bjørdalsbakke Ertesvåg, Lene Mo Flataker,  
Rune-André Gamlem, Peder Grimstad Helset, Sivert Heltne Hjelle, Judith Møller Hjelmseth, Mari Rabben Igländ,  
Bendikte Krovel, Lisa Moe, Sofie Espe Monsholm, Pål Paulsen, Daniel Rasmus Reite, Jenny Matilde Sevre Rustad,  
Tarjei Skjærset, Haris Smajic, Ada Elise Halse Snarud, Elias Storey, Bjørnar Torvholm Sevik, Martin Warholm.

